

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvallsak
Formannskap	05.06.2024	049/24

Sakshandsamar	Arkiv:	Arkivsaknr
Grevstad, Jarle	K2-L12	24/72 - 8

Framlegg til reguleringsendring for Finse stasjon - Høyring.

Vedlegg:

Planbeskrivelse - Omregulering Finse stasjonsbygning
Planbeskrivelse omregulering Finse Stasjonsbygning S1
Vedlegg 1- Plankart
Vedlegg 2 - Finse-Føresegner
Vedlegg 6 - Innkome innsjill_merknader
Vedlegg 7- ROS analyse fra Bane Nor

Sakstilfang:

Vedtak av oppstart av planarbeid - reguleringsendring Finse stasjon
Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Mindre reguleringsendring - Omregulering av stasjonsbygning Finse - Gnr/bnr 38/13 - Bane NORs uttalelse sendt fra Bane NOR SF
Uttale - oppstart - Reguleringsplan - Ulvik 38/13 - Finse - stasjonsbygning S1
Fråsegn til oppstartsvarsel - områderegulering - Finse stasjonsbygning felt S1 - gnr. 38 bnr. 13 - Ulvik kommune
Varsel om oppstart - Omregulering Finse stasjonsbygning (S1)
Uttale - oppstart - Reguleringsplan - Ulvik 38/13 - Finse - stasjonsbygning S1
Planbeskrivelse - Omregulering Finse stasjonsbygning

Saksutgreiing:

Ulvik herad v/formannskapet, vedtok på møte den 30.01.2024, på vegne av Finse 1222 og BaneNor, oppstart av reguleringsendring av delar av reguleringsplan for Finse. Planid. 2011001

Føremålet med reguleringsendringa er å omregulere stasjonsbygninga på Finse frå jernbaneføremål til kombinert jernbane- og hotellføremål, slik at bygninga kan byggjast om for å nyttast til hotell- og konferanseverksemd.

Arkitektfirmaet Einar Jarman AS har etter oppstartsvedtaket jobbet fram eit planframlegg som dei no ønskjer å leggje ut til høyring og offentlegg ettersyn jmf. PBL §12-10.

Høyringsperioden er etter lova minimum seks veker, men grunna ferieavvikling vert fristen i denne saka sett til 8 veker. Dette vil ikkje har betydning for endeleg handsaming av saka.

Vurdering:

Administrasjonen har både før og etter planoppstart hatt ein rekkje møter med representantar for Finse 1222 og BaneNor, der ulike tema for reguleringsarbeidet har vorte diskutert. Som følgje av at omreguleringa har som mål å leggja til rette for overnatting, har Ulvik herad sitt overordna mål om ingen, eller minimal auke i overnattingskapasiteten har vore eitt av tema i planprosessen.

Planframlegget som ligg føre ligg opp til at det, på hotell og i stasjonsbygning, samla sett vert ein auke i tal overnattingsrom, men at dei mange fleirmannsromma på hotellet vert leigd ut som enkeltrom. På den måten meiner tiltakshaverne at overnattingskapasiteten samla sett vert tilnærma lik som i dag.

Ulvik herad har det overordna ansvaret for beredskapen på Finse, og ein reduksjon av areal der ein kan oppholde seg i ein naudsituasjon, er ikkje ønskjeleg. Stasjonsbygninga er eit bygg med moglegheit for opphold ved togforsinkingar og eventuelle evakueringar av bygg eller tog, og det er for Ulvik herad viktig at desse kvalitetane ikkje vert forringa.

Kommunedirektøren vurderer planframlegget i tråd med krava i PBL § 12-10, og 12-11, og tilrår å leggja planframlegget ut til høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfristen vert grunna ferieavvikling sett til 8 veker.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Ulvik herad v/formannskapet som planutval, legg framlegg til reguleringsendring for Finse stasjon ut på høyring og offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 31.juli 2024

05.06.2024 Formannskap

Røysting:

Samrøystes vedteken.

FSK - 049/24 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Ulvik herad v/formannskapet som planutval, legg framlegg til reguleringsendring for Finse stasjon ut på høyring og offentleg ettersyn.
2. Høyringsfristen vert sett til 31.juli 2024